# AVGIFTSREGULATIV 2027

## OMRÅDE OG GRUNNLAG FOR AVGIFT

Farvassavgifta gjeld for Alden Hamneområde (Askvoll, Fjaler, Kinn kommune sør for Bremanger, Hyllestad, Sunnfjord kommune) innafor området kommunen har planmynde etter plan- og bygningslova. Avgifta vert krevd i samsvar med lov om hamner og farvatn §6 og §36, og skal godkjennast av kommunestyra i dei respektive kommunane kvart år.

Satsane i avgiftsregulativet for 2027 er gjeldande frå 01.01.2027 til 31.12.2027. Satsane er eks mva.

## FARVASSAVGIFT

Med dei unntak som er nemnd nedanfor, skal alle farty som anløper hamneområdet betale farvassavgift etter følgjande satsar, per anløp:

**Kr 0,40/BT**

Farvassavgifta skal betalast per anløp i hamna. Ved gjentekne anløp innafor same kalenderdøgn skal avgifta berre betalast ein gong per kalenderdøgn. For farty som hyppig anløper hamneområdet sitt forvaltningsområde kan hamneadministrasjonen fastsette års- og månadsavgifter.

**Minsteavgift er kr 295,-**

## Fritak

Følgjande farty er friteken frå farvassavgift

1. Farty som betalar særskild hamnevederlag.
2. Små farty under 15 meter.
3. Bergings- og isbrytarfarty i høve berging og isbryting.
4. Orlogsfarty, norske og utanlandske.
5. Kystverkets farty i høve med arbeid i farvatnet.
6. Redningsselskapet sine fartøy.
7. Farty som anløper hamn på grunn av skade eller nød, og fartyet ikkje laster, losser eller tar om bord passasjerer.
8. Veteranfarty som ikkje driv næringsverksemd.

## Rabatt

- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på farvassavgifta.
- Fiskefarty heimehøyrande i sjøområdet til Alden hamneområde får tilbod om ei fast årsavgift på kr. 2 890,-
- Kystruteskip i rute (kystruteavtale med samferdselsdepartementet) får ein ekstra grupperabatt på 60 % på farvassavgifta per anløp.*

*kan ikkje kombinerast med andre rabattar

## Miljørabatt

- For skip registrert i ESI (Enviromental Ship Index) blir satsane senka på bakgrunn av på førehand innsendt ESI-sertifikatet – innanfor sertifikatets gyldigheitsperiode.
  ESI Score: 25 – 49 poeng: 10%
  ESI Score: 50 – 74 poeng: 20%
  ESI Score 75 poeng og høgare settast satsane ned med 40 %
- Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan og har ein ESI score høgare enn 50 får 40% rabatt.

Samla kan rabatten på farvassavgifta ikkje overstige 40%.

## ANSVARSFORHOLD OG STRAFFEANSVAR

Reiar er ansvarleg for betaling av farvassavgifta. Skuldig farvassavgift er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved sein betaling av farvassavgifta må det betalast forsinkelsesrente etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m. Krav som Florø hamn KF har mot reiar har panterett i skipet etter reglene om sjøpanterett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova). Manglande avgiftsbetaling medfører straffeansvar. Florø hamn KF kan krevje at reiar eller agent skal stille økonomisk tryggleik for betaling av farvassavgift, ref. hamnelovens §40.

## ENDRINGAR

Dette avgiftsregulativet gjeld for år 2027.

| | |
|---|---|
| Vedteke i Askvoll kommunestyre | xx.xx.2026 |
| Vedteke i Fjaler kommunestyre | xx.xx.2026 |
| Vedteke i Hyllestad kommunestyre | xx.xx.2026 |
| Vedteke i Kinn kommunestyre | xx.xx.2026 |
| Vedteke i Sunnfjord kommunestyre | xx.xx.2026 |